

Referat frå messengermøte mandag 13.03.2023

Tilstades: Thor, Sissel, Vera, Synnøve

Nye arrangement

I februar fekk vi førespurnad frå klubbkontakt i Hålogaland om det kunne vere mogleg å få arrangere NSSK utstilling i samband med Blåbyutstillinga 16. og 17. september. Då Misvær fell ut i år var det ingen utstilling nord for Steinkjer. Dei har ein gjeng som kan ta seg av alt det praktiske og komiteen ser at det er fint at det er aktivitet i klubben og sender inn søknad til NKK. Komite skal ha ansvar for å ordne dommar, som på alle NSSK sine utstillingar. Vi har vore i kontakt med Sortland hundeklubb for å eventuelt kunne samkøyre dommar på utstillingane. Vi har spurt nokre dommarar, men dei vi har spurt har ikkje hatt anledning. Sissel vil no ta kontakt med Carin Åkesson, då vi ser at ho dømmer fleire raser. Vi vil ta kontakt med Sortland hundeklubb så snart vi får noko svar.

Vi har og fått førespurnad om det kan vere aktuelt at NSSK stiller som medarrangør på Viggashowet som skal vere 23. juli. Dette er eit uoffisielt lavterskel arrangement med valpeshow/open/rally. Lyte og mangler er heilt innafor og diskvalifiserer ikkje for deltagelse i rally eller show.

HU - Frya

Då det har vore litt fram og tilbake på kven som blir dommar på HU, har vi no komme fram til to damer. Mylee Thomas og Maureen Bywater. Synnøve må endre dette på Facebookarrangement samt på "plakaten".

Thor skal bestille rom til dommarar samt at vi kan disponere salen for ulike aktivitetar, samt restauranten for middag laurdag kveld.

Sissel skal sjekke med Caroline Bergvin om ho kan tenke seg å ha litt grooming foredrag/framvisning.

Juleutstillinga

Vi kjem ikkje til å ha utstillinga i Vestby slik som i fjor. Vi har booka Snertingdalshallen, og vil ha utstillinga der. Dersom det blir storpåmelding vil vi bruke Val Winfield og Keith Biswell til å fordele valp/vaksen kvar sin dag.

Bekreftelse

Thor skal purre på dommarbekreftelse frå Anna Uthorn og Geoff Duffield. Dei har takka ja, men vi manglar papir på det.

Messengergrupper

Vi vil opprette/finne fram igjen messengergrupper til utstillingane i år, der komite og lokal arrangør kan kommunisere. Vi har og finpusa og oppdatert utstillingsguiden slik at den skal vere enklare forståeleg. Synnøve oppretter.